

Utval: KIKS - Representantskapet
Møtestad: Revsnes hotell
Dato: 06.12.2019
Tid: 13:00

Forfall meldast til administrasjonen på e-post til: post@konesjonskraft.no som syter for innkalling av varamenn. Varamenn møter berre ved spesiell innkalling.

Innkalling er sendt til:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Starter med lunsj kl. 12.00

Reidar Saga
leiar

Glenn Qvam Håkonsesn
dagleg leiar

Saksnummer	Innhald
PS 6/19	Godkjenning av møteprotokoll frå representantskapet 13.06.2019
PS 7/19	Val av leiar og nestleiar i representantskapet for perioden 2019-2023
PS 8/19	Val av styre for perioden 2019-2023
PS 9/19	2 tertial 2019
PS 10/19	Budsjett 2020, økonomiplan 2021-2023 og utbetalingsprognose 2020

Møteprotokoll

KIKS - Representantskapet

Møtestad: Lindesnes havhotell

Dato: 13.06.2019

Tid: 08:30

Følgende politikere møtte:

Namn	Funksjon	Vara for
Knut Austad	Medlem	
Sally Vennesland	Medlem	
Anders Christiansen	Medlem	
Hans Blattmann	Medlem	
Bjørn Ropstad	Medlem	
Jan Sigbjørnsen	Medlem	
Per Sverre Kvinlaug	Medlem	
Janne Fardal Kristoffersen	Nestleder	
Helge Sandåker	Medlem	
Thor Jørgen Tjørhom	Medlem	
Steinar Kyrvestad	Medlem	
Eivind Drivenes	Medlem	
Reidar Saga	Leder	
Olav Åsland	Medlem	
Chim Andreas Kjølner	Varamedlem	

Frå administrasjonen og andre som møtte:

Namn

Glenn Qvam Håkonsen	Dagleg leiar
Anne Liv Lidtveit	Rådgevar
Sveinung Skjevraak	Rådgevar med ansvar for krafthandel

Olav Åsland møtte med fullmakt frå Audnedal kommune
John Willy Kaldal møtte med fullmakt frå Froland kommune
Vidar Frøysnes møtte med fullmakt frå Bygland kommune

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Valle, 21.06.2019

Anne Liv Lidtveit
Utvalssekretær

Godkjenning av møteprotokoll.

Saksnummer	Innhold
PS 1/19	Godkjenning av møteprotokoll
PS 2/19	Orienteringssaker
PS 3/19	Årsmelding og årsrekneskap 2018
PS 4/19	Revidering av selskapsavtale grunna kommune- og fylkessamanslåing
PS 5/19	Val av valnemnd

PS 1/19 Godkjenning av møteprotokoll

Saksprotokoll i KIKS - Representantskapet - 13.06.2019

Ingen merknader til møteprotokollen frå representantskapsmøte desember 2018.

Møteprotokollen blei samrøystes vedtatt.

PS 2/19 Orienteringssaker

Saksprotokoll i KIKS - Representantskapet - 13.06.2019

Fungerande styreleiar Mari Mykland rapporterte på strategiplanen.

PS 3/19 Årsmelding og årsrekneskap 2018

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 15.05.2019

Styret diskuterte årsmeldinga, og gav tilbakemeldingar på nytt design. Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Årsmelding og årsrekneskap for 2018 blir vedtatt

Saksprotokoll i KIKS - Representantskapet - 13.06.2019

Dagleg leiar Glenn Qvam Håkonsen orienterte. Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Årsmelding og årsrekneskap for 2018 blir vedtatt

PS 4/19 Revidering av selskapsavtale grunna kommune- og fylkessamanslåing

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 15.05.2019

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Revidert selskapsavtale blir vedtatt, og blir oversendt kommunestyra og fylkestinget for behandling.

Saksprotokoll i KIKS - Representantskapet - 13.06.2019

Tilrådinga til vedtak blei samrøystes vedtatt.

Framlegg frå Bjørn Ropstad om ein protokolltilførsel knytt til selskapsavtalen § 14, og arbeidet med den i neste revisjonsrunde av selskapsavtalen (i 2020).

Framlegget om protokolltilførsel blei samrøystes godtatt, og fylgjande innført i protokollen:

Representantskapet i KIKS ber Agder fylkeskommune ta initiativet til å nedsette eit utval som består av to personar frå fylkeskommunen og to personar frå kommunen til å sjå nærmare på § 14 i selskapsavtalen. Det er viktig at det nå blir ei tilpassing til at vi har blitt eitt Agder. Arbeidet startar så fort som muleg.

Vedtak:

Revidert selskapsavtale blir vedtatt, og blir oversendt kommunestyra og fylkestinget for behandling.

PS 5/19 Val av valnemnd

Saksprotokoll i KIKS - Representantskapet - 13.06.2019

Framlegg til medlem frå Thor Jørgen Tjørhom: Eivind Drivenes
Framlegg til medlem frå Reidar Saga: Margit Smeland
Framlegg til medlem frå Per Sverre Kvinlaug: Steinar Kyrvestad
Framlegga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Valnemd til styre for komande kommunestyre- og fylkestingsperiode blir fylgjande:

Eivind Drivenes

Margit Smeland

Steinar Kyrvestad

Saksmappenr:2019/9 -4
Arkiv: 033
Sakshandsamar: Glenn Qvam Håkonsen

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
7/19	KIKS - Representantskapet	06.12.2019

Val av leiar og nestleiar i representantskapet for perioden 2019-2023

Dagleg leiar tilrår:

Saka blir sendt ut utan tilråding.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Representantskapet for Konsesjonskraft IKS skal velje leiar og nestleiar som fylgje av nytt representantskap etter kommunevalet 2019

2. Saksopplysningar

Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar, jf. selskapsavtalen § 5 niande ledd. Funksjonstida er kommunestyreperioden 2019-2023.

3. Vurdering

Valle, den 22.11.2019

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Saksmappenr:2019/3 -4
Arkiv: 033
Sakshandsamar: Glenn Qvam Håkonsen

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
8/19	KIKS - Representantskapet	06.12.2019

Val av styre for perioden 2019-2023

Dagleg leiar tilrår:

Saka blir sendt ut utan tilråding.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Det fylgjer av selskapsavtalen § 5 niande ledd, at representantskapet vel styret for Konsesjonskraft IKS. Det er valnemnda som fremjar forslag for representantskapet, jf. selskapsavtalen § 8 fyrste ledd.

2. Saksopplysningar

Det skal veljast eit styre på 7 medlemer, med like mange varamedlemer i rekkefylgje, jf. selskapsavtalen § 6 fyrste ledd. Styret vel sjølv leiar og nestleiar, jf. same føresegna.

3. Vurdering

Valle, den 22.11.2019

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Vedlegg

1 Innstilling frå valnemnda i Konsesjonskraft IKS

Innstilling frå valnemnda i Konesjonskraft IKS til dei ulike val.

Valnemnda sine medlemmer.

Eivind Drivenes, Vennesla. Margit Smeland, Åmli. Steinar Kyrvestad, Valle. Eivind Drivenes kalla inn til første møte. Valnemnda har hatt to møter, 22. oktober og 11. november.

Alle som er foreslått på lista er førespurd. Valnemnda har vore opptatt at det lovmessige vert følgt, samstundes har vi tenkt geografi, politisk parti, erfaring og fornying i innstilling til verva i KIKS . Valnemnda meiner vi har funne ein god balanse mellom alle omsyn.

Valnemnda er opptatt av at leiar og nestleiar i styret bør gå på omgang mellom kommunane og fylkeskommunen. Valnemnda meiner at det må ligge til representantskapet å velje leiar og nestleiar i styret. Dette krev vedtektsendring i selskapsavtalen, derfor anbefaler vi berre kven styret bør velje som leiar og nest leiar. Valnemnda anbefaler styret å ta initiativ til å endre selskapsavtalen slik at representantskapet vel leiar og nestleiar i styret og samstunde få vedtektsfesta ei ordning der leiarverva skifter mellom kommunar og fylkeskommune.

Val av styre.

Valnemnda si tilråding.

- Jon Rolf Næss, Bykle kommune. Representantskapet anbefaler styret å velje Jon Rolf Ness som styreleiar.
- Gro Bråthen, Agder fylkeskommune. Representantskapet anbefaler styret å velje Gro Bråthen som nestleiar.
- Nils Olav Larsen, Vennesla kommune
- Inger Lise Stulien, Åseral kommune
- Bjørn Gunnar Baas, Åmli kommune
- Bjørn Ropstad, Agder fylkeskommune
- Torunn Ostad, Agder fylkeskommune

Val av var medlemmer til styre. Veljast i rekkefølje.

Valnemnda si tilråding

- 1 Sigmund Oksefjell, Kvinesdal kommune (Møter fast i styret utan stemmerett).
- 2 Margrethe Handeland, Hægebostad kommune
- 3 Knut Hagen, Valle kommune
4. Sally Vennesland, Agder fylkeskommune
5. Kristin Ljosland, Agder fylkeskommune
6. Ove Gundersen, Froland Kommune
7. Nina Jentoft, Agder fylkeskommune.

Val av leiar og nestleiar i representantskapet

Valnemnda si tilråding.

- Leiar representantskapet Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune
- Nest leiar i representantskapet Gyro Heia, Birkenes kommune

Valle 18. 11. 2019

Eivind Drivenes Margit Smeland Steinar Kyrvestad

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
	KIKS - Styret	
9/19	KIKS - Representantskapet	06.12.2019

2 tertial 2019

Dagleg leiar tilrår:

Rekneskap 2. tertial 2019 blir tatt til orientering

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Rekneskap 2. tertial 2019 blir lagt fram for styret og representantskapet

2. Saksopplysningar

1 og 2 tertial blir behandla samla

3. Vurdering

Dagleg leiar har fylgjande kommentarar til rekneskapen for 2 tertial 2019:

- Rekneskapen for 2 tertial 2019 blir styrebehandla 6 desember 2019. Revisors beretning kan ikkje sendast før rekneskapen er styrebehandla og vil bli gjort tilgjengeleg for representantskapet i møtet 6 desember.
- Konsesjonskraftinntektene er om lag kr 14 millionar kroner betre enn budsjett. Dette er grunna høgare spotpriser enn budsjettet og at prisforskjellen mellom NO2 (Sør-Noreg) og Norden (områdepris) er positiv til no i 2019. Det er budsjettet med lågare pris i NO2, men lågare magasinffylling enn vanleg er årsaken til at prisane i år har vore høgare i NO2.
- Kjøpskostnaden på konsesjonskraft er om lag 2 millionar kroner lågare enn budsjettet. OED prisen kom inn lågare enn budsjettet og nettapet er mindre enn budsjettet.
- Driftskostnadane er om lag 1,2 millionar kroner lågare enn budsjettet. Lønnskostnad og eksterne honorarer har vore låge til no i 2019. Administrasjonen i KIKS arbeider for kostnadseffektiv drift og at ressursbruk knyttast til oppfyllelse av strategiplan og verdiskaping. Eit døme er juridiske kostnadar som i periodar blir høge, då KIKS har stort fokus på å vakte og forsvare deltakarane sine rettar.

- Netto finans er 4 millionar kronar betre enn budsjett. Hovedgrunnen er god avkastning på forvaltninga av reservekapitalen hos Formuesforvaltning.
- Totalt er resultatet om lag 21 millionar kroner betre enn budsjett pr 2 tertial 2019. Det betra resultatet er med i berekningane til utbetalingsprognosen for 2020-2023.

Valle, den 21.11.2019

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Konsesjonskraft IKS

Regnskap 2 tertial

	Regnskap pr 31.08.2019	Budsjett pr 31.08.2019	Regnskap pr 31.08.2018
Driftsinntekter og driftskostnader			
Konsesjonskraftinntekter	161 095 415	147 944 897	136 911 519
Annen driftsrelatert inntekt	140	-	70
Sum driftsinntekter	161 095 555	147 944 897	136 911 589
Kjøp av konsesjonskraft	64 164 139	66 627 476	65 382 776
Lønn inkl. sosiale utgifter	2 091 886	2 466 544	1 920 009
Avskrivninger	56 659	71 200	30 392
Eksterne honorarer	1 118 924	1 937 333	2 358 750
Annen driftskostnad	669 372	675 780	621 966
Sum driftskostnader	68 100 980	71 778 333	70 313 893
Driftsresultat	92 994 575	76 166 564	66 597 696
Finansinntekter og -kostnader			
Finansinntekter	7 092 210	2 533 333	2 333 976
Finanskostnader	545 739	-	1 005 108
Resultat av finansposter	6 546 471	2 533 333	1 328 868
Resultat før overførte konsesjonskraftinntekter	99 541 046	78 699 897	67 926 564
Overførte konsesjonskraftinntekter	77 077 000	77 077 000	51 927 000
Resultat	22 464 046	1 622 897	15 999 564
Overføringer			
Overføringer til reservekapital	-	1 622 897	10 086 899
Sum overføringer	-	1 622 897	10 086 899

Konsesjonskraft IKS

Balanse pr. 31.8.2019

EIENDELER	Note	2019	2018
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Driftsløsøre og inventar		361 752	418 411
Sum varige driftsmidler		361 752	418 411
Sum anleggsmidler		361 752	418 411
OMLØPSMIDLER			
Kortsiktige fordringer		10 808 885	37 677 734
Finansplassering		142 261 060	136 680 294
Bankinnskudd og kontanter		56 825 542	20 580 606
SUM OMLØPSMIDLER		209 895 488	194 938 634
SUM EIENDELER		210 257 239	195 357 045
RESERVEKAPITAL OG GJELD			
RESERVEKAPITAL			
Driftsfond og reservekapital		157 757 980	157 757 980
Udisponert resultat		22 464 046	0
SUM RESERVEKAPITAL		180 222 027	157 757 981
GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		8 053 575	14 563 060
Skyldige offentlige avgifter		9 463 049	12 216 732
Annen kortsiktig gjeld		12 518 589	10 819 273
SUM KORTSIKTIG GJELD		30 035 213	37 599 065
SUM GJELD		30 035 213	37 599 065
SUM RESERVEKAPITAL OG GJELD		210 257 239	195 357 045

Saksmappenr:2019/7 -1

Arkiv:

Sakshandsamar: Glenn Qvam Håkonsen

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
26/19	KIKS - Styret	19.09.2019
10/19	KIKS - Representantskapet	06.12.2019

Budsjett 2020, økonomiplan 2021-2023 og utbetalingsprognose 2020

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.09.2019

Handsaming:

Dagleg leiar orienterte kort om budsjett og økonomiplan. Tilrådinga vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

Budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023 vert vedteken
Prognose utbetaling til deltakarar 2020 vert vedteken

Dagleg leiar tilrår:

Budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023 vert vedteken
Prognose utbetaling til deltakarar 2020 vert vedteken

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Budsjett 2020, økonomiplan 2021-2023 og utbetalingsprognose er viktig informasjon for styret og eigarane, og gjev eit bilete på dei økonomiske framtidsutsiktene

2. Saksopplysningar

Kommentar budsjett 2020

- Om lag 75% av konsesjonskraftvolumet for 2020 er sikra, dette er i tråd med ny risikostrategi vedteken i 2018. Med om lag 25% av konsesjonskrafta usikra, vil inntektene kunne bli både høgare og lågare enn budsjett. Reservekapitalen vil uansett sørge for at utbetalingsprognosane til kommunane kan oppretthaldast.
- Det budsjetterast med eit resultat på kr 165 021 232 og ein utbetaling på kr 180 028 000. Dette betyr at ein brukar om lag kr 15 mill av reservekapitalen. Grunnlaget for dette er at KIKS har dei siste åra levert betre enn budsjett, prisprognosane for årane 2021-2023 er gode og analyser viser at KIKS kan utbetale ein del av reservekapitalen og fortsatt behalde forutsigbarhet i utbetalingane.
- Kjøpskost budsjetterast til kr 109 634 342, kor OED prisen som kjem i desember er den største usikre enkeltfaktoren. KIKS har god historikk på prognose av OED prisen. Nettap er og ein usikkerhetsfaktor, som historisk svingar +/- 2 millionar frå budsjett.
- Driftskostnadane er budsjettert til kr 7 786 616, ei lita auke frå 2019. Usikkerhet ligg her i moglege juridiske kostnader, avhengig av moglege rettssakar og kostnader tilknytta dette. På andre driftskostnader arbeider KIKS med effektiv og målretta drift.
- Netto finans er budsjettert til kr 3 400 000 og er vanlege renteinntekter og avkastning på reservekapital. Netto finans vil vere avhengig av utvikling i aksje og obligasjonsmarknaden kor KIKS har plassert reservekapital.

Kva får deltakarane for pengane det koster å drifte KIKS?

I strategiplanen står det kva KIKS skal arbeide med og prioritere. Kjernevirksomheten er kjøp og sal av konsesjonskraft, men det ligg mykje bak. Det er eit komplekst og spesielt område og det har ofte vist seg at det skapast verdiar for kommunane ved å ha denne kompetansen tilgjengeleg og nytte han til å grave langt ned i problemstillingar.

Her kjem nokre døme på gevinstrealisering som fylgje av KIKS arbeid, samt nokre døme på kva ein bruker ressursar på som ikkje kan kvantifiserast:

- Når nye kraftverk kjem i drift, kan det ta mange år før NVE fastsett konsesjonskraftvolumet. Ein har rett på konsesjonskrafta frå den dagen vatnet vert tatt i bruk. KIKS sørgjer for å ta ut konsesjonskraft frå fyste dag. For 2020 vil dette utgjere om lag 17 GWh med ein nettoverdi på om lag 3,5 mill kr.
- Av kjøpskostnad er det anten OED pris eller individuell sjølvkost og det har synt seg viktig å arbeide for at dette skal vere rett.
 - I Sira-Kvina har avtalen frå 2016 om ny delingsfaktor redusert kostnaden for KIKS med om lag 3,5mill årleg. I 2018 oppdaga KIKS at avskrivningane i Sira Kvina vart behandla feil. Dei er no retta opp for alle konsesjonskraftmottakarar og KIKS vil motta etteroppgjer på om lag 3 200 000 for åra 2015-2018. Prognosen viser redusert kjøpskost på kr 700 000 for 2020
 - KIKS er parthjelp i AEVK sitt søksmål mot OED om sjølvkost i mandalsvassdraget. Dei økonomiske konsekvensane er berekna til 3 mill kr i 2018, aukande til 10 mill pr år for 2022.
 - I vilkårsrevisjonen for Sira Kvina, kom det fram ein mogleg overgang til OED pris. Konsekvensen av dette er ei auke i kostnadane for kommunane på om lag kr 20 mill pr år, 10 mill i KIKS. KIKS har nytta juridiske ressursar for å gje høyringssvar til OED, og også samarbeida aktivt med kommunar og deiras tilsvar.
- KIKS har ein vedteken risikostrategi kor krafta gradvis skal seljast tre år før levering. Det er vedteken rammer for handel slik at adm kan styre når handlane gjerast og om ein ynskjer ein litt lågare eller høgare sikringsgrad. Kor godt adm utfører denne risikostrategien målast mot

snittprisar for dei produkta som handlast i perioden (kalt jamn sikring). Ei bacheloroppgåve frå 2018 har analysert at adm i KIKS har slått jamn sikring med kr 5-15 millionar årleg i perioden 2013-2017. KIKS egne ananlysar for 2018-2019 viser fortsatt god timing, og førebels har sikringane på år 2020-2022 vore gjort på betre prisar enn indeks.

KIKS nyttar mykje tid på informasjonsvirksomhet og det tek ressursar. Informasjon til politikarar, seminar, oppfølging mot administrasjonar og undervisningsopplegg i skuleverket. Dette er nedfelt i strategien og viktig for konsesjonskraftordninga og KIKS på sikt.

3. Vurdering

Inntektene:

Vi arbeider aktivt med risikostrategi og analyseverktøy for å utnytte marknaden innanfor definert risiko. Siktemålet er å skape ein meirverdi for eigarane. Historisk har dette arbeidet lønt seg.

Vi vel og løysingar som gjer at vi får tak i marginar utan at risikoen aukar.

Kostnadene:

Den største kostnaden for KIKS er kjøp av konsesjonskraft, og KIKS har stort fokus på at desse kostnadene er rette. Det har vist seg lønsamt.

Sjølv om andre kostnadar er små samanlikna med kjøpskost, har KIKS fokus på effektiv bruk av desse ressursane og vil fortsette å rapportere på verdiskapinga av å ha ein administrasjon som fokuserer på å vakte rettane, take vare på verdien og føre han attende til deltakarane.

Valle, den 10.09.2019

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

- 1 KIKS Budsjett 2020
- 2 økonomiplan2021-2023
- 3 Utbetalingsprognose 2020 frå Konsesjonskraft IKS

Konsesjonskraft IKS

Budsjett 2020

	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Resultat 2018
Driftsinntekter og driftskostnader			
Konsesjonskraftinntekter	279 042 189	234 833 170	221 050 965
Annen driftsrelatert inntekt	-	-	
Sum driftsinntekter	279 042 189	234 833 170	221 050 965
Kjøp av konsesjonskraft	109 634 342	105 373 202	98 732 015
Lønn inkl. sosiale utgifter	3 699 816	3 699 816	3 278 678
Avskrivninger	96 800	106 800	58 176
Eksterne honorarer	2 860 000	2 906 000	3 584 135
Annen driftskostnad	1 130 000	1 013 670	988 219
Sum driftskostnader	117 420 958	113 099 488	106 641 223
Driftsresultat	161 621 232	121 733 682	114 409 742
Finansinntekter og -kostnader			
Finansinntekter	3 400 000	3 800 000	1 677 201
Finanskostnader	-	-	2 146 044
Resultat av finansposter	3 400 000	3 800 000	(468 843)
Resultat før overførte konsesjonskraftinntekter	165 021 232	125 533 682	113 940 899
Overførte konsesjonskraftinntekter	180 028 000	154 154 000	103 854 000
Resultat	(15 006 768)	(28 620 318)	10 086 899
Overføringer			
Overføringer til reservekapital	(15 006 768)	(28 620 318)	10 086 899
Sum overføringer	(15 006 768)	(28 620 318)	10 086 899

 KONSESJONSKRAFT IKS <small>– vaktar rettane og tek vare på verdien</small>	Budsjett	Økonomiplan		
	2020	2021	2022	2023
Driftsinntekter	279 042 189	296 727 446	301 963 159	308 220 288
Varekostnad	109 634 342	112 375 200	115 184 580	118 064 195
Bruttofortjeneste	169 407 848	184 352 245	186 778 579	190 156 093
Personalkostnad	3 699 816	3 797 148	3 897 401	4 000 661
Annan driftskostnad	4 086 800	3 750 100	3 833 299	3 918 994
Driftsresultat	161 621 232	176 804 997	179 047 879	182 236 438
Netto finans	3 400 000	3 500 000	3 500 000	3 600 000
Resultat før overførte inntekter	165 021 232	180 304 997	182 547 879	185 836 438
Årsresultat	165 021 232	180 304 997	182 547 879	185 836 438
Prognose utbetaling	180 028 000	180 028 000	180 028 000	180 028 000
UB reservekapital	115 745 386	116 022 382	118 542 261	124 350 699

Sjå adresseliste

Att.

Vår ref:
2019/7-2

Sakshandsamar:
Glenn Qvam Håkonsen
☎ 379 37 500
gqh@konesjonskraft.no

Arkiv:

Dato:
11.09.2019

Budsjettprognose utbetaling 2020 med utbetalingsanslag for perioden 2021-2023

Dagleg leiar oversender vedlagte budsjettprognose utbetaling 2020 med ei vurdering av utbetalingane for 2021-2023.

Endeleg budsjettprognose for 2020 vert vedteke i representantskapsmøte desember 2019.

Budsjetterte inntekter for 2020 vert utbetalt i to like store terminar- i juni og desember.
Dette er ei a konto utbetaling av overskottet i Konsesjonskraft IKS og vert utbetalt utan meirverdiavgift.

Deltakarane vil få endeleg orientering etter representantskapsmøtet i desember 2019.

Dersom det er spørsmål tek de kontakt med Konsesjonskraft IKS.

Glenn Qvam Håkonsen
Dagleg leiar
Mobil 990 32 244
Epost: glenn.hakonsen@konesjonskraft.no

Utbetalingsprognose	2019	2020	2021	2022	2023
KIKS	154 154 000	180 028 000	180 028 000	180 028 000	180 028 000
Agder fylkeskommune	83 409 000	98 005 000	98 005 000	98 005 000	98 005 000
Arendal	1 505 000	1 831 000	1 831 000	1 831 000	1 831 000
Birkenes	578 000	703 000	703 000	703 000	703 000
Bygland	5 463 000	6 268 000	6 268 000	6 268 000	6 268 000
Bykle	19 570 000	20 382 000	20 382 000	20 382 000	20 382 000
Evje og Hornnes	610 000	725 000	725 000	725 000	725 000
Flekkefjord	2 403 000	2 672 000	2 672 000	2 672 000	2 672 000
Froland	3 683 000	4 414 000	4 414 000	4 414 000	4 414 000
Grimstad	1 215 000	1 478 000	1 478 000	1 478 000	1 478 000
Hægebostad	32 000	40 000	40 000	40 000	40 000
Iveland	2 595 000	3 084 000	3 084 000	3 084 000	3 084 000
Kristiansand	83 000	104 000	104 000	104 000	104 000
Kvinesdal	5 875 000	7 132 000	7 132 000	7 132 000	7 132 000
Lindesnes	2 490 000	3 142 000	3 142 000	3 142 000	3 142 000
Lyngdal	448 000	566 000	566 000	566 000	566 000
Sirdal	3 485 000	4 716 000	4 716 000	4 716 000	4 716 000
Valle	8 789 000	9 227 000	9 227 000	9 227 000	9 227 000
Vennesla	4 483 000	5 582 000	5 582 000	5 582 000	5 582 000
Åmli	2 877 000	3 337 000	3 337 000	3 337 000	3 337 000
Åseral	4 561 000	6 620 000	6 620 000	6 620 000	6 620 000

Adresseliste:

Aust-Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	Arendal
Vest-Agder fylkeskommune	Postboks 517 Lund	4605	KRISTIANSAND S
Arendal kommune	Postboks 780 Stoa	4809	ARENDAL
Birkenes kommune	Postboks 115	4795	BIRKELAND
Bygland kommune	Sentrum 18	4745	Bygland
Bykle kommune	Sarvsvegen 14	4754	Bykle
Evje og Hornnes kommune	Kassernevegen 19	4735	Evje
Flekkefjord kommune	Kirkegaten 50	4400	FLEKKEFJORD
Froland kommune	Frolandsveien 995	4820	FROLAND
Grimstad kommune	Serviceboks 503	4898	GRIMSTAD
Hægebostad kommune	Birkeland	4595	TINGVATN
Iveland kommune	Frikstadveien 20	4724	Iveland
Kristiansand kommune	Postboks 417 Lund	4604	KRISTIANSAND S
Kvinesdal kommune	Nesgata 11	4480	KVINESDAL
Lindesnes kommune	Postboks 183	4524	LINDESNES
LYNGDAL KOMMUNE	Postboks 353	4577	LYNGDAL
Sirdal kommune	Tonstadveien 28	4440	TONSTAD
Valle Kommune	Postboks 4	4747	Valle
Vennesla kommune	Postboks 25	4701	VENNESLA
Åmli kommune	Gata 5	4865	ÅMLI
Åseral kommune	Gardsvegen 68	4540	ÅSERAL